



Årsplan for
Stjernereiso barnehage
2022 -2023.



Små steg for kloden



INNHold

Presentasjon av barnehagen	3
Velkommen til nytt barnehageår i Stjernereiso barnehage	4
Årshjul	4
Lovgrunnlag for barnehagen	4
Formål og verdigrunnlag 1. Barnehagens verdigrunnlag (udir.no)	5
. Barnehagen som pedagogisk verksemd og arbeidsmåtar	6
Visjon/ Tysnesbarnehagane	6
PEDAGOGISK PLATTFORM FOR BARNEHAGEN vår.	6
Pedagogisk verksemd	7
Planlegging	7
Dokumentasjon	8
Våre dokumentasjonsmåtar:.....	8
Våre former for vurdering	8
Barnehagens arbeidsmåte:.....	9
Tema og prosjekt.....	9
Tema Dette barnehageåret er “små steg for kloden”	10
Progresjon og Repetisjon	10
Barnehagens digitale praksis	11
Andre prosjekt; generasjonssang	11
Satsingsområde, voksenrolla /barnehagebasert kompetanseutvklng, rekkomp	12
Barnehagens Innhold.....	12
Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for omsorg	12
Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for leik	14
Barnehagen skal fremme danning.....	15
Barnehagen skal fremme læring	16
Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap.....	17

1

Årsplan 2022/2023

Tysnes kommune



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.....	18
Barns medverknad	20
Fagområda i Rammeplanen	23
KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST.....	23
KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE	24
KUNST, KULTUR OG KREATIVITET.....	24
NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI.....	25
MENGD, ROM OG FORM	25
ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI	26
NÆRMILJØ OG SAMFUNN	26
Samarbeid barnehage- heim	27
Overgangar	30
Overgang til skule	30
Samarbeidspartnarar.....	31
Helsestasjon	31
Kommunepsykolog, førebyggande tiltaksteam.....	31
Barneverntjenesta	32
Barnevernstenesta – barnehagen har plikt til å melde	32
Skulen – overgangar	33
Psykisk helsearbeidar for barn og unge.....	33
Fysioterapeut	33
PPT.....	33
Logoped	33
Barn og familie	33
Utviklingsarbeid innan Barn og Utdanning i Tysnes kommune.....	34
Oppvekstreform/ Barnevernsreform	34
Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis 2022-2025.....	35
Lenkje til planar https://www.tysnes.kommune.no/planar-for-tysnesbarnehagane.397142.nn.html	35
Årshjul	36



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

PRESENTASJON AV BARNEHAGEN

Stjernereiso barnehage *Dalsvegen 7*

5685 Uggdal

Styrar: Gerd Kongsvik

Gerd.kongsvik@tysnesoppvekst.no stjernereiso@tysnesoppvekst.no

Tlf. **99 36 64 82**

Kontaktinformasjon avdelingar

Herkules Tlf. **468 57 434**

Tellus Utegruppe Tlf. **911 17 820**

Pluto Tlf. **902 24 271**

Neptun Tlf. **979 57 732**

Jupiter Tlf. **906 58 742**



STJERNEREISO BARNEHAGE ER DEN STØRSTE OG EIN AV 4 BARNEHAGAR I TYSNES KOMMUNE.

BARNEHAGEN HAR 96 Plassar fordelt på 5 aldersinndelte avdelingar. Me ligg ved sida av Uggdal skule som er ein 1 - 4 skule, og me har eit nært samarbeid med skulen.

BARNEHAGEN HAR SVÆRT MANGE FINE TUROMRÅDE, SOM ME NYTTAR OFTE.

BARNEHAGEN HAR OGSÅ DETTE BARNEHAGEÅRET 2022 2023 PLAN OM EIT EKSTRA UTEFOKUS OG SKAL BRUKA TUROMRÅDA FLITTIG.

ME HAR ETABLERT VÅR EGEN KJØKKENHAGE«STJERNEHAGEN»DER ME SÅR, PLANTAR OG HAUSTAR FRUKT, FRØ, BÆR OG GRØNNSAKER.

OG MED EGEN LAVVO I SKOGEN, OG GAPAHUK PÅ UTEOMRÅDET, SER ME FRAM TIL EIT NYTT FLOTT BARNEHAGEÅR SAMAN MED BORNA DYKKAR.



VELKOMMEN TIL NYTT BARNEHAGEÅR I STJERNEREISO BARNEHAGE

Her i denne planen kan du lese meir om kva me jobbar med i løpet av barnehageåret, og kva organ som styrer oss.

ÅRSHJUL

I vedlegg til denne planen har me eit årshjul med meir informasjon om tema og aktivitetar gjennom barnehageåret. Ta kontakt om det er noko du lurar på.

HUGS OG PÅ AT

Ingen ting er for lite og ingenting kan vera for stort å spørja om, når me skal ta vare på det kjæraste du har.

LOVGRUNNLAG FOR BARNEHAGEN

Stjernereiso barnehage er ein av fire kommunale barnehagar i Tysnes kommune. Barnehagane sitt innhald er styrt av:

- Lov <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64>
- FN `s Barnekonvensjon <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fns-barnekonvensjon/id88078/>
- Rammeplan <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>
Strategiplan <https://www.tysnes.kommune.no/saman-om-framtida-strategiplan-for-oppvekst.6010369-424488.html>
- Vedtekter <https://www.tysnes.kommune.no/barnehagar.321816.nn.html>



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

FORMÅL OG VERDIGRUNNLAG [1. Barnehagens verdigrunnlag \(udir.no\)](#)



«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kommer til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang.

De skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre, og naturen.

Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheter.

De skal ha rett til medverking tilpassa alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi.

5



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrande og trygt sted for fellesskap og vennskap.

Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD OG ARBEIDSMÅTAR

VISJON/ TYSNESBARNEHAGANE

«Glade barn -glade vaksne»

Me ser på barna som verdas viktigaste verdiar og det mest verdifulle me har. Barna er verdas framtid. Vår visjon peikar framover og viser veg for alt av arbeid.

I Tysnesbarnehagane arbeider me for at alle barn skal få eit best mogleg grunnlag for vidare utvikling, læring og eit godt liv. Me ynskjer at barna skal vekse i kunnskap og meistring, i tryggleik og empati.



PEDAGOGISK PLATTFORM FOR BARNEHAGEN VÅR.

Kva me i Stjernereiso barnehage legg i "den gode barnehagen"

- **Tillit, tryggleik og trivsel** er grunnsteinen i arbeidet vårt. Barnehagen skal vera inkluderande, med plass til alle. Kvar og ein av barna skal bli sett og få god omsorg, og dei skal gjennom barns medverknad ha påverknad på sin eigen barnehagekvardag.
- Barndomen skal vera ivaretatt, og det skal vera tid til leik, glede og humor.
- Den gode samtalen skal ha plass i kvardagen, og her - og no situasjonane vera ivaretatt.
- Både barn og vaksne skal oppleve at dei blir vist respekt og får anerkjenning for den ein er.
- Ingen er like, og barnas identitet skal bli tatt vare på.
- Barnehagen skal formidla god folkeskikk, og vera eit godt supplement til foreldra si barneoppseding, og sosial kompetanse skal vera i fokus.
- Barnehagen skal ha rom for spontanitet; barna skal få vera barn, og det skal ikkje vera skulestruktur.
- Nærområdet skal utnyttast i høve lokalisering og fysisk miljø, og det skal vera tid for uteaktivitet.



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

- Barnehagen ynskjer å få til eit godt foreldresamarbeid, der foreldra blir møtt med openheit, innsikt i deira behov og ynskjer, og forståing for deira livssituasjon.
- Foreldra skal kjenna at det er trygt å levera borna sine i barnehagen.

PEDAGOGISK VERKSEMD

Barnehagen har ei viktig rolle som oppvekst og læringsarena for barn under opplæringspliktig alder. Vår barnehage skal støtte barna si utvikling ut frå deira egne føresetnadar og gi det enkelte barn og barnegruppe, utfordringar. Vi ser omsorg og danning, leik, kvardagsaktivitetar og læring i ein samanheng. Styrar og pedagogisk leiar har eit særleg ansvar for planlegging, gjennomføring, vurdering og utvikling av barnehagen sine oppgåver og innhald. Dei er også ansvarleg for å rettleia det øvre personalet slik at alle får ei felles forståing av barnehagens ansvar og oppgåver.



PLANLEGGING

Planlegging gjev personalet grunnlag for å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet. Barnehagen er forplikta til å grunngi, planlegge, vurdere og dokumentere at det pedagogiske arbeidet er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Det er dei pedagogiske leiarane som har ansvar for å lage planar for det pedagogiske opplegget i barnehagen, dei



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

vaksne på avdelingane har medverknad og er med å utformar innhaldet ut frå observasjonar, samtalar med barn, refleksjonar og vurderingar.

PLANAR

Me har utarbeidar Årsplan og årshjul som ligg til grunn for aktivitetane me gjer kople til rammeplan. Årshjul ligg vedlagt.

DOKUMENTASJON

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.

VÅRE DOKUMENTASJONSMÅTAR:

- Biledokumentasjon på Visma
- Munnlege tilbakemeldingar til kvarandre, barn, foreldre og andre.
- Brukarundersøking
- Det pedagogiske arbeidet vert skildra, analysert og tolka ut frå barnehagens planar, barnehagelova og rammeplanen i planlagde personalmøter, pedagogmøter og avdelingsmøter.

VÅRE FORMER FOR VURDERING

Barna

- Biletdokumentasjon og samtale kring desse
- Spontane verbale/nonverbale ytringar
- Planlagde samtalar

Personale

- Refleksjonar i kvardagen
- Refleksjon og diskusjon på avdelingsmøter /pedagogmøter/personalmøter
- Medarbeidersamtalar

Foreldre

- Sende melding/ Visma/ mail og ringe
- Ytringar på foreldresamtalar /foreldremøter



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

- Brukarundersøking

BARNEHAGENS ARBEIDSMÅTE:

Våre arbeidsmåtar Barnehagen nyttar seg av ulike arbeidsmåtar for å ivareta enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet.

TEMA OG PROSJEKT

De finn plan for aktivitetar knytt til tema og prosjekt i årshjulet, som ligg som vedlegg til årsplan.

Å drive prosjekt- tema arbeid er ein viktig del av vår pedagogiske praksis. Gjennom prosjekt arbeid , store og små, får kvar enkelt både barn og vaksne, nytta dei ressursane dei har i seg ut frå interesser og behov. Ein får medverke ut frå den ein er. Me er ulike og det er som å ha tilgang til ei skattekiste av idear, inspirasjon og løysingar.

Gjennom året føl me årshjulet, og me knyter prosjekt og aktivitetar opp til Rammeplanen gjennom årshjulet.

T.d.

Kvart år har me i vår barnehage eit stort fellesprosjekt, "Forutfestival». Der vert mekjend med andre kulturar og "møter" born som ikkje har det så godt som me har det i Noreg. Det endar opp i ein besteforeldre kafé, med utstilling av små kunstverk som barna har laga.



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

TEMA DETTE BARNEHAGEÅRET ER "SMÅ STEG FOR KLODEN"

Tema er gjennomgåande fellestema uavhengig av andre prosjekt heile året. Barn og vaksne er med på å lage planar ut frå dette og ein knyter temaet opp mot dei ulike fagområda i rammeplanen. Det er styrar og pedagogiske leiarar som har ansvar for å utarbeide innhald og prosess i samarbeid med barnehagens øvrige tilsette. Bærekraft er fellestema i prosjektet, medan kvar avdeling finn sine under tema som dei jobbar med gjennom året.



Fra Kapittel 1 Rammeplan- Barnehagens verdigrunnlag»

«Barna skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Bærekraftig utvikling omfatter natur, økonomi og sosiale forhold og er en forutsetning for å ta vare på livet på jorden slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor en viktig oppgave i å fremme verdier, holdninger og praksis for mer bærekraftige samfunn. Barna skal få naturopplevelser og bli kjent med naturens mangfold, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhørighet til naturen.»

Fra Kapittel 9 Rammeplan - Natur, miljø og teknologi

«Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til naturen og bærekraftig utvikling, lærer av naturen og utvikler respekt og begynnende forståelse for hvordan de kan ta vare på naturen.»

PROGRESJON OG REPETISJON

I barnehagekvardagen legg me til rette for gjentaking og repetisjon, dette gir grunnlag for tryggleik og læring. Med vår sosiokulturelle tilnærming, arbeider me etter å kjenne barnet så godt me kan, finne barnet der det er i utvikling, og bygger vidare på det barnet har av lærdom. Barna får repetert teori og erfaringer og på den måten kunne bygge vidare på



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

lærdom barnet allereie har. I samlinger og grupper presenterer den voksne noko kjent og noko nytt. Dette skaper også mestring, gjenkjennelse og progresjon.

BARNEHAGENS DIGITALE PRAKSIS

Den digitale praksisen i barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy hos oss skal støtte opp om barna sine læringsprosessar. Det kan være gjennom å søke opp på nettet informasjonen ein treng, det kan være å ta bilete, det kan være å leike digitalt med månemonstert som kjem på besøk til alle oss 83 små og store i Stjernereiso barnehage. Denne digitale tilnærminga er ein del av den digitale satsinga vår gjennom prosjekt DigiSus, som me har vidareført og vorten ein del av vår barnehage. Nytt av året er at Blekkulf og plutseleg dukkar opp på den digitale arenaen vår.



ANDRE PROSJEKT; GENERASJONSSANG.

Stjernereiso barnehage er med på eit generasjonssong prosjekt.

Generasjonssang

Prosjektet Generasjonssang er et treårig prosjekt som samler barnehagebarn og eldre på eldreinstitusjon til felles sangstunder. Gjennom både observasjon og aktiv deltagelse får de ansatte opplæring i hvordan de selv kan legge opp en generasjons-sangstund. I tillegg får alle kurs i relevant metodikk, og en innføring i forskning på sang og musikk som helsefremmende aktivitet. Målet er at ansatte både i barnehagen og på institusjonen skal bli trygge på å bruke sin egen sangstemme og å lede allsangstunder på egenhånd. Sangrepertoaret vil bestå av både tradisjonssanger, lokale sanger og nyere sanger.



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

SATSINGSOMRÅDE, VOKSENROLLA / BARNEHAGEBASERT KOMPETANSEUTVKLING, REKOMP

Me vil fortsette arbeidet med voksenrolla i barnehagen, og arbeide vidare med «Å velje det varme blikket» i alle møte med barn og voksne. Med det tenker me at me vil evne å sjå heile barnet, og verta betre i stand til å ta vare på enkeltbarnet og gruppa.

Rekomp; Me har dette året fått statlege midlar til å utvikle vaksenrolla i vår barnehage, gjennom ei barnehagebasert kompetanseutvikling.

«Barnehagebasert kompetanseutvikling inneberer at barnehagen, med leiinga og alle tilsette, deltar i en utviklingsprosess på egen arbeidsplass. Hensikten er å utvikle barnehagens samlede kunnskap, holdninger og ferdigheter og bevege barnehagen fra individorientert til kollektiv kompetanseutvikling». (Gotvassli, 2017)

BARNEHAGENS INNHOLD

BARNEHAGEN SKAL IVARETA BARNA SITT BEHOV FOR OMSORG

Barn har rett til omsorg og skal bli møtt med omsorg. Når dei kjem til barnehagen skal dei møte trygge vaksne som bryr seg om dei. Dei skal oppleve at personalet lyttar til dei og deira behov og inkluderer dei i fellesskapet. Me arbeider kontinuerleg med at personalet i Stjernereiso er bevisst på ansvaret med å etterleve og formidle grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg, medansvar, solidaritet, toleranse, respekt, likeverd og retten til å vere forskjellige, og at alle i personalet er gode rollemodellar for barna i vår barnehage.



«Omsorg er ein føresetnad for barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre».(Rammeplan for barnehage)



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

Rammeplanen seier;

Personalet i barnehagen skal;

- «legge til rette for at barna kan knytte seg til personalet og til hverandre
- sørge for at alle barn opplever trygghet, tilhørighet og trivsel i barnehagen
- møte alle barn med åpenhet, varme og interesse og vise omsorg for hvert enkelt barn
- være lydhør for barnas uttrykk og imøtekomme deres behov for omsorg med sensitivitet
- støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til selv å kunne ta imot omsorg
- bidra til at barna kan utvikle tillit til seg selv og andre.
- ivareta barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og hvile»



I Stjernereiso barnehage

- Tilby barna ein sikker base , tilby ei nær og trygg tilknytning
- Hjelpe barna å verte merksam på andre sine kjensler
- Oppmuntre barna til å hente hjelp og støtte når det trengs.
- Vere tilgjengeleg, fysisk og mentalt.
- Motivere barna til å hjelpe, gi omsorg og trøst til andre barn.
- Oppmuntre barna til å kjenne etter kva dei treng , treng eg å vere for meg sjølv, vil eg sitje på eit fang?
- Sensitive vaksne som ser og søker blick kontakt.
- Tilby barna hjelp og støtte i leik og samhandling med andre Hjelpe barna å setje seg inn i andre sine kjensler og sine egne.
- Vaksne som er medvite å setje ord på det som skjer. Td. når ein forlet rommet.
- Motivere til å ta imot trøst.
- Motivere /glede seg sjølv og andre.
- Vaksne hjelper barna å setje ord på og å regulere egne kjensler
- Vaksne tåler og anerkjenner alle kjensler
- Tilrettelegge for at barna skal få nok ro og kvile.



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

BARNEHAGEN SKAL IVARETA BARNAS SITT BEHOV FOR LEIK

I rammeplanen står det at «leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og at eigenverdien til leiken skal anerkjennast». Leik er viktig fordi den har verdi i seg sjølv, og leik er viktig som grunnlag for danning og læring. STORE DELER AV BARNEHAGEDAGEN BESTÅR AV LEIK

Rammeplanen seier;

Personalet i barnehagen skal;

- organisere rom, tid og lekemateriale for å inspirere til ulike typer lek
- bidra til at barna får felles erfaringer som grunnlag for lek og legge til rette for utvikling av leketemaer
- fremme et inkluderende miljø der alle barna kan delta i lek og erfare glede i lek
- observere, analysere, støtte, delta i og berike leken på barnas premisser
- veilede barna hvis leken medfører uheldige samspillsmønstre
- være bevisst på og vurdere egen rolle og deltakelse i barnas lek
- ta initiativ til lek og aktivt bidra til at alle kommer inn i leken



I Stjernereiso barnehage

- Dei vaksne organiserer tid og rom.
- Dei legg til rette for ulike typer lek.
- Og er observante og opne for å gjere endringar ut frå barna sine behov og interesser.
- Dei vaksne treng å ha kunnskap om barns bakgrunn og utvikling, slik at dei kan støtte den enkelte for eksempel overgangen frå parallelleik til rolleleik.
- Vaksne tek initiativ til lek og bidreg aktivt til at alle kjem inn i lek.
- Dei vaksne skal vere tilgjengeleg på golvet, slik at barna kan søkje hjelp og støtte etter behov.
- Gi støtte til barna sin lek ved å gi modellsetningar, som f.eks «Kan eg bli med på leiken?» «Eg vil låne den, kan eg det?»
- Oppmuntre barna til å inkludere kvarandre i leiken. Dei vaksne vil fremje eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i lek og erfare glede i leiken, ut frå alder og modning.
- Dei vaksne observerer lek og rettleiar om ein ser uheldige samspillsmønstre. Barnehagen er ein arena der ein «øver» på samspel.



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023


BARNEHAGEN SKAL FREMME DANNING

«Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap». (Rammeplan for barnehage)

Rammeplanen seier;

Personalet i barnehagen skal;

- **tilrettelegge for meningsfulle opplevingar og støtte barnas identitetsutvikling og positive selvføring**
- **støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet**
- **synleggjøre og verdsette ulike behov, meningar og perspektiv i fellesskapet**
- **legge merke til, anerkjenne og følge opp barnas perspektiv og handlingar**
- **utfordre barnas tenking og invitere dem inn i utforskende samtalar**
- **synleggjøre og fremme mangfold og ulikheit som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring.**



I Stjernereiso barnehage

Dei vaksne legg til rette for felles leikar og reglar. Dette kan skape felles identitet og starten på turtaking.

Dei vaksne nyttar tid saman med barna i avgjersler

Dei vaksne skapar tid og rom slik at barna kan delta i demokratiske prosessar.

Dei vaksne støtter og verdset når barna set ord på eigne behov og synspunkt.

Me støtter og hjelper barn til å innrette seg rutinar og reglar i barnehagen.

Gi barna tid til å verte kjend med avdelinga sine rutinar og normer.

Dei vaksne kan legge til rette for å komme fram til fellesløyningar saman.

Me jobbar for eit miljø der me verdset balansen mellom prosoiale handlingar og sjølvheving.

Dei vaksne utfordrar tenkinga til barna og invitere til undrande og utforskende samtalar.

Me jobbar aktivt for å ha respekt for ulikskap og likeverd som verdi.



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

BARNEHAGEN SKAL FREMME LÆRING

«I barnehagen skal barna oppleve et stimulerende miljø som støtter opp om deres lyst til å leke, utforske, lære og mestre».
(Rammeplan for barnehage)



Rammeplanen seier;

Personalet i barnehagen skal;

I Stjernereiso barnehage

- sørge for et inkluderende fellesskap og legge til rette for at barn kan bidra i egen og andres læring
- legge til rette for helhetlige læringsprosesser som fremmer barnas trivsel og allsidige utvikling
- være oppmerksomme på barnas interesser og engasjement og legge til rette for læring i ulike situasjoner og aktiviteter
- støtte og berike barnas initiativ, undring, nysgjerrighet, kreativitet, læringslyst og tiltro til egne evner
- utvide barnas erfaringer og sørge for progresjon og utvikling i barnehagens innhold
- støtte barnas refleksjoner rundt situasjoner, temaer og fenomener og skape forståelse og mening sammen med dem
- sørge for at alle barn kan få rike og varierte opplevelser og erfaringer, utfordringer og mestingsopplevelser

- Tryggleik er grunnlag for all læring. Målet er å skapa trygge relasjonar mellom barn /voksen og barn /barn, barn /rom .
- Dei vaksne er tydeleg og varme.
- Barnehagen er ein stad der det er lov å prøve og feile.
- Dei vaksne er medundrande til ny kunnskap og kan tilby vegar til kunnskap via bøker, internett osv.
- Dei vaksne legg vekt på gjentakning i rutinesituasjonar og elles, som grunnlag for læring og føreseielegheit.
- Dei vaksne støtter barna til auka sjølvstende i rutine situasjonar som måltid, påkledning og hygiene.
- Dei vaksne er medvitne nytten av språket i her- og no situasjonar.
- Me tar barna med på turar i nærmiljø, og gir dei opplevingar, med vekt på samtale og undring .
- Dei vaksne reflekterer saman med barna over eigne handlingar.
- Dei vaksne er merksame på at barn kopierer handlingar.
- Dei vaksne nyttar konkretar som støtte i språkstimulering



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

BARNEHAGEN SKAL FREMME VENNSKAP OG FELLESSKAP



«Sosial kompetanse er en føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel».

(Rammeplan for barnehage)

Sosial kompetanse handlar om å kunne kommunisere og samhandle godt med andre i ulike situasjonar. Me nyttar læreverket «Det er mitt val» og «Hjerteprogrammet» som grunnlag for arbeidet med sosial og emosjonell kompetanse. Me har fleire gode hjelpemiddel/læreverk som me kan supplere med i arbeidet med sosial kompetanse. Blant anna «Kanin og pinnsvin» og «Nelly og Hamza»



Det er aktivitetar, rollespel, plakatar, vennebøker, forteljingar, filosofering, leikar, musikk som støtter opp under dei ulike tema innan sosial kompetanse, leik og læring. Me har mål om at alle avdelingar har ei samling i veka med fokus på sosial kompetanse.



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

Me arbeider mykje med sosial kompetanse i Stjernereiso. Det er veldig viktig å jobbe systematisk med å lære barna korleis dei skal få venner og kunne bli med i leik med andre. Mange barn gir uttrykk for at det beste ved barnehagen er å få møte andre barn og leike med vennene sine. Vennskap medverkar til ei kjensle av deltaking og fellesskap som igjen medverkar til positiv sjølvkjensle. Når me legg grunnlaget i samlingane, kan me vise til dette i situasjonar som oppstår. Barn lever mykje her og no. Dei gløymer seg, og handlar spontant. Det er då me skal være vegvisarar og hjelpe dei å finne løysingar. Me skal hjelpe dei til å få tru på seg sjølve, og kjenne seg verdifulle. Me vaksne skal være tett på i kvardagen. God sosial kompetanse verkar førebyggjande på mobbing.

Med vår handlingsplan med oss, går me systematisk inn i situasjonar dersom me får innspel på at eit barn ikkje opplever å ha **eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø**. Planen famnar endringa i barnehagelova om vår plikt til å handle om me får kjennskap til at eit barn ikkje opplever eit trygt og godt barnehagemiljø.



ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA 1.JANUAR 2021

1. januar 2021 ble barnehageloven endret.

Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

§ 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

BARNEHAGEN SKAL FREMJE KOMMUNIKASJON OG SPRÅK

«Barnehagen skal være bevisst på at kommunikasjon og språk påvirker og påvirkes av alle sider ved barnets utvikling. Gjennom dialog og samspill skal barna støttes i å kommunisere, medvirke, lytte, forstå og skape mening». (Rammeplan for barnehage)



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

SOL

Barnehagane i Tynes har laga ein plan for arbeidet med språk i barnehagane. Den heiter SOL (Systematisk Ord Leik). Sol inneheld informasjon om ulike område me skal jobbe med, kartlegging av språk, språktrening i grupper i forhold til enkeltbarn som har ulike språkutfordringar, innhald i samlingsstunder, og utstyr til språkarbeid som skal være i barnehagane.

SOL inneheld også informasjon om Språkleiken Bravo. I tillegg til dette har me «Språkløyper» som ressurs som er ei nasjonal satsing på lesing, skriving og språk.



SPRÅKLEIKEN BRAVO

Språkleiken BRAVO er ein leik som fremjar barna si språkutvikling, og som aukar ordforrådet til barna. Ved å nytte store ordkort kombinert med bilete, konkrete ting og sansemotoriske aktivitetar, blir barna kjende med sansane sine og med skriftspråket. Barna brukar alle sansane, og lærer mange nye omgrep. Bravo fremjar barnas motoriske utvikling, og førebur barnet på lese- og skriveinnlæring.



Tilstrekkeleg med oksygen er viktig for barna si læring. Derfor er det lagt inn fysisk aktivitet mellom stasjonane med lesekort. Me nyttar grunnleggjande aktivitetar som rulle, krype, hoppe, åle og liknande.

SPRÅKLØYPER

Språkløyper er ein nasjonal strategi som skal styrke norske elevar sitt språk, lesing og skriving. Det som er unikt i denne satsinga, er at barnehagane også blir inkludert som ein del av læringsløpet. For barn i barnehagealder er språk avgjerande for læring, kommunikasjon og sosiale relasjonar. Tidleg innsats er stikkordet.



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

Språkgrunnlaget som blir lagt i barnehagetida er viktig for seinare lesing, skriving og læring.

Språkløyper skal styrke kompetansen hjå personalet, og vise korleis barnehagen kan jobbe med språk og fange opp dei som strevar. For oss i barnehagen inneber Språkløyper at me skal jobbe mykje med lesing av bøker og samtale rundt innhaldet i bøkene. Arbeidet med språkstimulering og leseaktivitetar skal implementerast i kvardagen. Personalet skal få kunnskap, verktøy og tryggleik i arbeidet med barns språk.

Barnehagen nyttar språkløypeverktøyet som ei oppslagsverk, og ta det fram når me ser det er behov for ekstra fokus i t.d framadspråk.

BARNES MEDVERKNAD

Barnehagen skal ivareta barnas rett til medvirkning ved å legge til rette for og oppmuntre til at barn kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet, jf. Barnehagelova §§ 1 og 3.

Kvart einaste barn i Stjernereiso har rett til å erfara at deira stemme blir tatt på alvor og har innverknad i fellesskapet. Medverknad handler om respekt, anerkjenning og inkludering. Barn har rett til å uttrykke seg og påvirke alle sider av livet i barnehagen. Kor omfattande medverknaden er, og korleis medverknaden blir praktisert, er avhengig av alder og funksjonsnivå. Barn må både få og oppleve tilknytning og fellesskap og kjenne at dei kan uttrykkje eigne intensjonar. Dette betyr ikkje at dei får bestemme alt dei vil, men skal oppleve å få val gjennom kvardagen der dei aktivt kan medverke. Barn må støttast til å leve seg inn i andre sin situasjon og til å ta omsyn til andre. Både kroppslig og språkleg gir barn uttrykk for korleis dei har det. Dei yngste barna formidlar synspunkta sine med kroppshaldningar, mimikk og andre kjensleuttrykk. Personalet må observere barna og ta med barna i planlegging av aktivitetar og at dei får seie kva dei meina. For nokre år sida, 2019, har me hatt Årstema "Barns undring i leik", og me tenker at personale har vorte meir



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

medvitne på Barns medverknad, og barns medverknad har fått eit tydelegare uttrykk og eit breiare nedslagsfelt. Me vil fortsette å ha eit stort fokus på barns medverknad, og tar med oss erfaringane me har fått.

Rammeplanen seier; Personalet i barnehagen skal;	I Stjernereiso barnehage
<ul style="list-style-type: none">• Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglige verksemd og i saker som gjelder dem selv.• Barn skal jamnleg få mulighet til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd.• Barna sine synspunkter skal tilleggst vekt i samsvar med dets alder og modenhet.• I alle handlinger og avgjørelser som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet, være et grunnleggende hensyn.• Barnehagen skal ivareta barns rett til medverknad ved å leggje til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykkje sitt syn på barnehagens daglege verksemd, jmf. barnehagelova §3, grunnlova §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr. 1.	<ul style="list-style-type: none">• Sjå, lytte og prøve å forstå• Samtale• La barna delta i kvardagsaktivitetar• Gi barna ansvar og la dei bidra ut frå sine ressursar• Jobbe i mindre grupper• Prosjektarbeid/Tema der alle deltek• Sjå her- metoden, frå 2019• Me anerkjenner barnet sitt utrykk• Me lar barnet sitt innspel vera utgangspunkt for prosjekt/tema



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

- **Alle barn skal få like moglegheitar i barnehagen, uansett kven dei er, kva bakgrunn dei har, hudfarge, kjønn m.m. Dette handlar om likeverd og likestilling.**
 - **Barn skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegging og vurdering av barnehagekvardagen.**
 - **Jamleg kan bety kvar dag, ein gong i veka, ein gong i månaden, det kjem an på situasjon og tema.**
 - **Dei vaksne jobbar systematisk med barns medverknad på avdelingsmøter og personalmøter. Barna sine synspunkt skal tilleggas vekt ut i frå deira alder og modning.**
- Me prøver å jobba systematisk med barns medverking på personalmøter og avdelingsmøter.
 - Me tar inn barnas synspunkt og prøver å få dei til å visa igjen i barna sin kvardag.
 - Alder og modning på barnet vert tatt i betraktning i dette arbeidet.
 - Me jobbar for at me er sensitive ovanfor barn sine uttrykk og behov.
 - Me ynskjer at barna skal kjenna seg verdifulle, dette gjer me ved å ta barn sin uttrykk på alvor og anerkjenne desse.



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN

Barnehagen jobbar ut frå 7 fagområde. Kwart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt, og dei går inn i kvarandre. Me jobbar heile tida med fagområda både i strukturerte samlingar og i kvardagsaktivitetar.

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

GJENNOM ARBEID MED KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST SKAL BARNEHAGEN BIDRA TIL AT BARNA:

- Får uttrykkja følelsar, tankar, meiningar og erfaringar
- Får bruke språket til å skape relasjonar, delta i leik og løyse konflikhtar
- Utviklar omgrepsforståing og leikar med rim, rytme, lydar og ord
- Får leike, improvisere og eksperimentere med rim, regler, rytme, lyder og ord.
- Får møte, og oppleve spenning i møte med eit mangfald av eventyr, fortellingar, segn og uttrykksformer
- Får utforske og gjere seg erfaringar med ulike skriftspråkuttrykk, som leikeskrift, teikning og bokstav, gjennom lese og skriveaktiviteter



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

GJENNOM ARBEID MED KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE SKAL BARNEHAGEN BIDRA TIL AT BARNA:

- opplever trivsel, glede og mestring ved allsidige bevegelseserfaringer, inne og ute, året rundt
- blir kjent med egne behov, får kjennskap til menneskekroppen og utvikler gode vaner for hygiene og et variert kosthold
- videreutvikler motoriske ferdigheter, kroppsbeherskelse, koordinasjon og fysiske egenskaper
- opplever å vurdere og mestre risikofylt lek gjennom kroppslege utfordringar
- blir trygge på egen kropp, får en positiv oppfatning av seg selv og blir kjent med egne følelser
- setter grenser for egen kropp og respekterer andres grenser
- får innsikt i matens opprinnelse, produksjon av matvarer og veien fra mat til måltid.



KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

GJENNOM ARBEID MED KUNST KULTUR OG KREATIVITET SKAL BARNEHAGEN BIDRA TIL AT BARNA:

- har tilgang til ting, rom og materialer som støtter opp om barna sine leikande og estetiske uttrykksformer
- tar i bruk fantasi, kreativ tenkning og skaperglede
- bearbeider inntrykk og følelser i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapende virksomhet ute og inne
- møter et mangfold av kunstneriske og kulturelle uttrykksformer og utforsker og deltar i kunst- og kulturopplevelser sammen med andre
- bruker ulike teknikker, materialer, verktøy og teknologi til å uttrykke seg estetisk
- opplever glede og stolthet over egen kulturell tilhørighet



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

.Gjennom arbeid med natur, miljø og teknikk skal barnehagen bidra til at barna:

- får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen
- får gode friluftslivopplevelingar året rundt
- får oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomenen og fysiske lover
- får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer

av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen


- får kunnskap om dyr og dyreliv
- lagar konstruksjonar av ulikt materiale og utforskar kva moglegheiter reiskapar og teknologi kan by på
- får kjennskap til livssyklusen til mennesket



MENGD, ROM OG FORM

GJENNOM ARBEID MED MENGD, ROM OG FORM SKAL BARNEHAGEN BIDRA TIL AT BARNNA:

- oppdagar og undrar seg over matematiske samanhengar
- utviklar forståing for grunnleggjande matematiske omgrep
- leiker og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på
- erfarer og samanliknar storleikar i omgivnadene
- bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing
- undersøker og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterar dei på forskjellige måtar
- undersøker og får erfaring med å løyse matematiske problem og
- opplever glede ved matematikk



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

GJENNOM ARBEID MED ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI SKAL BARNEHAGEN BIDRA TIL AT BARNA:

- får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen
- utforskar og undrar seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål
- får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar
- får forståing for at det finst mange ulike måtar å forstå ting på og leve saman på
- utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap



NÆRMILJØ OG SAMFUNN

GJENNOM ARBEID MED NÆRMILJØ OG SAMFUNN SKAL BARNEHAGEN BIDRA TIL AT BORNA:



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023



- blir oppmuntra til å medverke i eigen kvardag og utviklar tillit til samfunnsdeltaking
- erfarer at alle får utfordringar og like høve til å delta
- utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt
- blir kjende med lokalhistorie og lokale tradisjonar
- blir kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer
- blir kjende med at samane er Noregs urfolk, og får kjennskap til samisk kultur
- får kjennskap til nasjonale minoritetar

SAMARBEID BARNEHAGE- HEIM

De foreldre er ein ressurs som me er heilt avhengige av i vårt daglege arbeid med barna. Gjennom foreldremøte, daglege møter, foreldresamtalar og ulike arrangement, er de med



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

på å påverke den pedagogiske verksemda i barnehagen. Det er svært viktig at de er med og støttar opp om og er engasjerte i barnehagekvardagen.

Me møter foreldre kvar dag ved levering og henting og dette er det viktigaste møtepunktet mellom barnehagen og foreldra. Samarbeidet skal gje høve til å bygge opp gjensidig forståing rundt det enkelte barn, og i forhold til barnegruppa. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna.

Barnehagen har eit foreldremøte i året. På dette møtet informerer barnehagen om nødvendig og aktuell informasjon og grunngiving for barnehageverksemda og inviterer foreldra til medverknad. Barnehagen bruker i dag eit digitalt kommunikasjonsverktøy som heiter Visma, der all den daglege informasjonsflyten går. Det er også eit verktøy for personalet for å kvalitetssikre det arbeidet me gjer i barnehagen..



SAMARBEIDSTUTVAL OG FORELDRERÅD

«Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldrene. Foreldresamarbeidet skal både skje på individnivå, med foreldrene til hvert enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalget.» (Rammeplan for barnehage)

FUB



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

Foreldreutvalget for barnehager er eit nasjonalt

utvalg for foreldre med barn i barnehage. Utvalget gir råd til foreldre og barnehagar.

Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU). Viser til vedtekter for samarbeidsutvalet i Tysnesbarnehagane.

I eit foreldreråd sit alle foreldre/føresette i barnehagen. Dei skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerepresentanten er ein viktig kanal å bruke dersom ein ynskjer gjennomslag for ulike saker. Det er foreldrerådet sin representant som og sit som leiar i SU. Gjennom regelmessige brukarundersøkingar sikrar me at de som brukarar av barnehagetilbodet har medverknad i det som skjer. Samstundes er det ei stor hjelp for oss i høve det å utvikla oss på det me ikkje er så gode på. Barnehagen skal vera ei verksemd i stadig utvikling. Me er her for å gi barn og foreldre ein god kvardag.

SU BESTÅR I DAG AV;

- Hilde Marie Flakke, Leiar tlf, 99363646
- Maria Alvalos Rønneseth, Foreldrerepresentant
- Yngve Vevatne, Vara Foreldre
- Veronica Godø, Tilsettere representant
- Elisabeth Solem Flesland, Tilsettere representant
- Bjørg Tornes, Vara Tilsette



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

OVERGANGAR

Overgangar i barnehagen: Det er fleire overgangar i barnehagen, blant anna når barnet startar på ny avdeling. Me ynskjer at desse overgangane skal vere ei god oppleving for barna og bruker tid til førebuing i forkant. Me har blant anna fleire besøksdagar der barna får besøke den nye avdelinga i lag med ein vaksen dei er trygg på.

OVERGANG TIL SKULE

Barnehagen fylgjer den kommunale overgangsplanen frå barnehage til skule. Det at barnehagen ligg så nærme skulen gjer det lettare å samarbeide. Barna blir kjend med dei som jobbar i skulen, sjølv skulebygget og uteområdet, noko som kan gjere overgangen lettare for dei.

Tysnesbarnehagane har og laga ein overgangsperm, der me sikrar at songar regler, leikar m.m. vert likt for borna når dei kjem frå barnehage til skulen. Slik sikrar me ein tryggare overgang.



Nytt er og at me set av ei lita veke til tilvenning til ny avdeling, tilvenning til skulen og ein ekstra dag for tilvenning til SFO.

FØRSKULEGRUPPA

I Stjernereiso har me førskulegruppe ein gang i veka. Dette er noko barna ser veldig fram til. I Tysnes er det utarbeida ein felles plan for innhaldet i førskulegruppene. Planen legg vekt på at alle førskulebarn skal kjenne til ulike faglege omgrep som dei vil møte i skulen og ha kompetanse til å meistre skulekvardagen. Det blir og lagt opp til felles møtepunkt med førskulebarn frå dei andre barnehagane, slik at dei blir litt kjent før dei byrjar på skule.



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

VANNTILVENNING

Me fortset med vanntilvenning i bassenget på Tysnes skule. Førige barnehageår, prøvde me ut 2.året med vanntilvenning i bassenget på Tysnes skule. Det vart svært kjekke og lærerike opplevingar for førskuleborna og me vil fortsetje med det når bassenget opnar igjen til hausten.



SAMARBEIDSPARTNARAR

FOR AT BARNNA OG FORELDRA SKAL FÅ EIT MEST MOGLEG HEILSKAPLEG TILBOD, MÅ BARNEHAGEN SAMARBEIDE MED ANDRE TENESTER OG INSTITUSJONAR. FORELDRA SKAL ALLTID GI SAMTYKKE FØR BARNEHAGEN TAR KONTAKT MED NOKON AV DEI EKSTERNE RESSURSANE I FORHOLD TIL ENKELTBARN.

HELSESTASJON

Barnehagen arbeider tett med helsestasjonen, og me har faste møte med helsesjukepleiar i « Barn og familie». Dersom det er behov kan helsesjukepleiar vera med i møter i barnehagen, saman med foreldra

BUP

Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk Bup, Stord sjukehus. Denne ressursen går via Helsesøster og Fastlege.

Det er fastlege som søker vurdering, og barnehagen bistår foreldre og helsesjukepleiar med informasjon.

KOMMUNEPSYKOLOG, FØREBYGGANDE TILTAKSTEAM

Årsplan 2022/2023

31

Tysnes kommune



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

Tysnes kommune har o kommunepsykolog, og saman med helsestasjon tilbyr dei oppfølging av born og foreldre på eit lavterskelnivå.

<https://www.tysnes.kommune.no/foerebyggande-team.544896.nn.html>



Førebyggande team - Tysnes kommune

Førebyggande tiltaksteam for barn og familiar. Kommunen har etablert eit team sett saman av ulike fagpersonar, med målsetjing å hjelpe barn og familiar innanfor rammene av førebyggande psykisk helsearbeid.

Error! Hyperlink reference not valid.

BARNEVERNTJENESTA

Barnehagen samarbeider me barnevernet mellom anna gjennom felles møte i «Barn og familie». Barnevernet gir generelle råd om problemstillingar som barnehagen treng hjelp til. Barneverntenesta kan hjelpe familiar som t.d.t reng foreldre vegleing utover det barnehagen kan hjelpe med, og barnehagen kan formidla kontakt mellom foreldre og barnevern.

BARNEVERNSTENESTA – BARNEHAGEN HAR PLIKT TIL Å MELDE

Barnehagelova § 22. Opplysningsplikt til barneverntjenesten Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenestens side. Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barneverntjenesten, når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. lov om barneverntjenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige adferdsvansker, jf. samme lov § 4-24. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av lov om barneverntjenester, plikter barnehagepersonalet å gi slike opplysninger. Opplysninger skal normalt gis av styrer.



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

SKULEN – OVERGANGAR

Me samarbeider med Uggdal skule m.a. gjennom felles møter i «Barn og familie» og «Barn og utdanning». Tysnes barnehagane har eigen overgangsplan. Sjå og overgangar s 13 i denne planen.

PSYKISK HELSEARBEIDAR FOR BARN OG UNGE

Betsy Nicolaisen er vår samarbeidspartner innan psykisk helsearbeid, lokalt i kommunen. Me har faste møter saman med Psykisk helse i «Barn og familie». Barnehagen kan formidla kontakt med Betsy om nokon har behov for det.

FYSIOTERAPEUT

Ingrid Bergo Aarvik, er fysioterapeut knytt til barnehagen. Ingrid gir oss råd for planlegging av fysiske aktiviteter som ivaretar barna sin ulike utviklingsstadier. Anne kjem og inn i barnehagen og har treningsopplegg med enkeltbarn og grupper dersom det er behov for det. Dette er eit lavterskeltilbod som barnehagen kan formidla, om De som foreldre er bekymra for noko i barnet si motoriske utvikling.

PPT

Pedagogisk – psykologiske teneste (PPT). Sakkyndige vurderingar. Me er i Stord Tysnes og Fitjar PPT. Me har faste møter i barnehagen med PPT, og lav terskel for å ta opp problemstillingar med PPT saman med foreldra.

PPT driv kompetanseheving i barnehagane, og hjelper oss i utfordringar knytt til grupper.

Me har eigen logoped i kommunen, som bistår oss i arbeidet med ekstra språkfokus til enkeltbarn og gruppe.

LOGOPED

Åse Enes er vår logopedressurs i barnehagen.

BARN OG FAMILIE



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

Tysnes kommune er organisert slik at dei fleste av desse eksterne gruppene samarbeider tett, og har jamleg møter i løpet av året. Kommunen har og ei eiga ressursgruppe knytt opp mot barn og familie.

Viser og til Tysnes kommune sin Strategiplanen, 2017- 2022 for barn og familie, «Saman om framtida!»

Rullering av plan er i arbeid.



UTVIKLINGSARBEID INNAN BARN OG UTDANNING I TYSNES
KOMMUNE

OPPVEKSTREFORM/ BARNEVERNREFORM



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

KOMPETANSELØFTET FOR SPESIALPEDAGOGIKK OG INKLUDERANDE PRAKSIS 2022-2025

SAMAN FOR EIT INKLUDERANDE FELLSSKAP

ALLE BARN OG UNGE SKAL FÅ HØVE TIL UTVIKLING, MEISTRING, LÆRING OG TRIVNAD
UAVHENGIG AV FØRESETNADANE SINE

BARNEHAGAR, SKULAR, PP-TENESTA OG ANDRE I LAGET RUNDT BARN OG UNGE SKAL JOBBE
SAMAN FOR Å SKAPE EIT INKLUDERANDE FELLESSKAP.

LENKJE TIL PLANAR MM ANDRE INTERNE PLANAR.

LENKJE TIL PLANAR <https://www.tysnes.kommune.no/planar-for-tysnesbarnehagane.397142.nn.html>



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

ÅRSHJUL

Tema; «Små steg for kloden»			
Månad	TEMA	FELLES AKTIVITETAR	PLANLEGGINGSDAGAR
August	TILVENNINGSVEEKER		11.AUGUST 12.AUGUST BARNEHAGEN STENGT
	HYGIENEVEKER		
Septem ber	KJELDE SORTEINGSVEKER	Foreldremøte 13.september?	
	FØRSTEHJELPSVEKER		
oktober	BRANNVERNVEKER	SONGSAMLINGAR	
	TRAFIKKVEKER	BRANNBIL	
nov	FORUTFESTIVAL	MØTE SAMARBEIDSUTVALG FORUTCAFE 17.NOVEMBER	
desembe r	JULEFØREBUING	NISSEFEST 6.12 LUCIAFEIRING 13.12	
januar	VINTER SAMEFOLKETS DAG 6.2		2.JANUAR PLANLEGGINGSDAG BARNEHAGEN STENGT
februar	VINTERFESTTEMA	*6.FEBRUAR SAMEFOLKETS DAG	
		*VINTERFEST 24.FEBRUAR	
mars	BARNEHAGEDAGEN PÅSKEFØREBUINGAR	BARNEHAGEDAGEN	13.MARS PLANLEGGINGSDAG BARNEHAGEN STENGT
april	VÅR DET SPIRER OG GROR	DUGNAD	
mai	DEMOKRATI BARNES MEDVERKNAD 17. MAI	SU MØTE	
		MINI 17.MAI 16.MAI	19.MAI PLANLEGGINGSDAG BARNEHAGEN STENGT
juni	SOMMAR	Sommarfest	
juli	SOMMARBARNEHAGE		Siste dag i barnehagen 14.juli

36

Årsplan 2022/2023

Tysnes kommune



Stjernereiso barnehage Årsplan 2022/2023

